

12.03.26

Kjære føresette

Vi ønskjer å gi ei oppdatering i arbeidet fram mot samanslåinga av Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule til ein felles skule frå hausten.

Det er no fleire fine aktivitetar i gang mellom skulane.

6. trinn har nyleg vore samla på Ulstein skule, der dei hadde både aktivitetar og læring i lag. Elevane hadde ein flott dag saman, og vi ser at slike møte bidreg til tryggleik og kjennskap på tvers.

Denne veka inviterte 5. trinn frå Ulsteinvik barneskule heile Ulstein skule til framsyning av Løvenes konge. Ei flott oppleving både for dei som framførte og dei som fekk sjå.

Også dei tilsette er aktive i samanslåingsarbeidet. Lærarane bruker mykje av tida saman for å planleggje, dele erfaringar og utvikle felles praksis. Den 23. mars skal alle lærarane ha ei felles læringsøkt om korleis vi kan bruke naturen som klasserom. Ulstein skule har lang og god erfaring med dette, og lærarane derfrå skal dele sine perspektiv og metodar.

Vi har fått eit spørsmål frå føresette om ordningar for elevar som må ta buss til skulen neste år, og som difor vil vere på skulen før klasseromma opnar kl. 08.15.

Vi kan no informere om at det vert lagt til rette for ein god stad å vere og tilsyn i dette tidsrommet for dei elevane det gjeld. Meir informasjon om dette vil kome frå rektor i god tid før skulestart.

Vi held fram med å informere jamleg, og takkar for det gode samarbeidet. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Vennleg helsing

Karen Strand

Kommunalsjef oppvekst og kultur